

Sensurvegledning IDR 107, hausten 2022:

Gjennomgåande for sensuren er at referanseteknikk og referanselister er i tråd med APA-stilen. Gjennom mange økter og tre arbeidskrav har studentane fått innføring og trening i nettopp referansedelen av akademisk gjerning. Grove feil, som å utelata referansar frå referanselista, trekker ned til lågt nivå (E). Sjå meir om karakterskalaen A til F i slutten av dette dokumentet.

Oppgåve 1.

Fridtjof Nansen (1861-1930) er kjent (mellom svært mange andre ord, bøker og bedrifter) for mottoet: «Øv idrett, men sky sport og alskens rekorder.» a) Forklar hva han kan ha ment – på bakgrunn av den tida og det samfunnet han levde i. b) Drøft hvordan konkurransetidrett kan sies å være et etisk spenningsfelt i dag. Bruk egne eksempler.

Matti Goksøy (2022, s. 65-67) og Sigmund Loland (2015, kap. 5) er relevant kjernelitteratur til oppgåve 1. Eit svar på høgt nivå (A,B) tar tak i skiljet mellom idrett og sport – som for Centralforeningen var viktig grensemarkering mellom det sunne og nyttige i norsk tradisjon, og det usunne og fordummande og uskjønne i engelsk og utanlandsk konkurransesport. Turnforbundet kunne også kritisera konkurransesporten på mykje dei same premissane, og fordi konkurransesport kunne utvikla seg til profesjonalisme og einsidigheit. Nansen la til ein dimensjon av friluftsliv som ikkje turnarane var så opptekne av. Her spelte han på dei strengane som samtida rundt 1900 var opptekne av, ettersom byane voks. Det moderne arbeidslivet var einsidig, og livet i byen stressa nervane til folk, heitte det. Idrett skulle bringa folk ut av det stressande bylivet, meinte Nansen, og til naturen og til høg fjellet, der sunnare og friare tankar voks lettare. Han kunne godta konkurransar til eit visst punkt, fordi dei styrka motet og viljen til menn (og delvis kvinner). Men sportskonkurransar kunne ikkje bli eit mål i seg sjølv. Polarekspedisjonar, derimot. Eit svar på A-nivå får med at Nansen var helst tvetydig i synet på kappløp, og impliserer såleis fleire kjelder enn Goksøy åleine.

Høg måloppnåing (A, B) er også avhengig av rett kjeldebruk, og nokså nøyaktig referanseliste (APA-stil)

Svar på middels nivå (C,D) får berre delvis fram skiljet mellom idrett og sport, og kva andre grupperingar innanfor idretten som var på lag med Nansen i skepsisen til konkurranse. Rekordar i og for seg er såleis ikkje den viktigaste kritikken i mottoet hans. Supplerande litteratur er brukt i mindre grad, og referansane ikkje like nøyaktige.

Eit svar på låg nivå (E) slurvar på alle desse nivå, men tilfredsstillar likevel minimumskrava (og kandidaten viser både manglande vurderingsevne og sjølvstendigeheit).

Den same sonderinga mellom høgt, middels og lågt nivå gjeld delen med ‘etisk spenningsfelt’ – som er henta frå Loland (2015, s. 81). Sjølv om ikkje han definerer dette omgrepet, bør det koma fram kva studentane forstår med det, og med etikk, i svaret sitt. I alle fall på høgt nivå. Både forhold som peikar på moralske kvalitetar ved konkurranseidrett (like moglegheiter, respekt, meistringsopplevingar, utvikling av dygder), og ankepunkt i mot (ulikskap i systemstyre, juks, einsidigheit, usunn idrett) må med. Eksempla må finnast på begge sider, og dei bør vera relevante. Svar på høgt nivå poengterer at konkurranseidrett ikkje er avgrensa til dei vaksne, eller til toppidrett. Om ikkje studentane trekker inn mykje annan litteratur her, bruker dei, på høgt nivå, heile kapittel 5 om fair play hjå Loland i drøftinga si.

Kjernelitteratur:

Goksøyr, M. (2022). *Historien om norsk idrett* (2. utg). Akilles

Loland. S. (2015). *Idrettsetikk*. Akilles.

Oppgåve 2..

a) Kva seier forskinga om seksuell trakassering i idretten? Legg vekt på relasjonen mellom utøvar og trenar.

b) Kvifor er det viktig for Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) å ha ein vegleiar og ein strategi på dette området? Drøft utfordringar med å få involvert alle organisasjonsledda i norsk idrett i dette arbeidet.

Vi forventar at studentane kan definera seksuell trakassering – både slik det er definert i pensum og slik det er definert av NIF. De bør kunna skilja mellom seksuell trakassering og seksuelle overgrep. Dei har hatt ei undervisningsøkt om temaet der det blei referert til andre lett tilgjengelege kjelder som dei også kan bruka (også referert til i Canvas). Rapporten «trygg på trening med redd barna» blei nemnd i undervisningsøkta. Svar på høgt nivå (A) viser til slik supplerande litteratur, og bruker han aktivt og sjølvstendig. Ei av artiklane på pensum (Stefansen mm) handlar om kjærsterelasjonar/seksuelle relasjonar mellom utøvarar og trenarar. Denne teksten bør brukast når dette er tema. Eit godt svar (fra middels til høgt nivå, C-A) bør også kunna diskutera korleis formuleringa «relasjonen mellom utøver og

trener» kan tolkast. Det er jo også ein relasjon mellom trener og utøver når han ikkje er ein kjærestereelasjon/eller ein seksuell relasjon. Og det kan heilt klart skje seksuell trakassering i mange typar trenar-utøvar-relasjonar.

Det vil også vega positivt om studentane trekker inn litteratur om kjønn i idretten. Sjølv om nyare forskning viser at også mange gutar er utsette, er dette ein tematikk der kjønn er relevant – på fleire måter.

Relevant pensum er:

Om seksuell trakassering:

Giddens, A., & Sutton, P. W. (2017). *Sociology* (8. utg.). Polity Press.

* Side 615-641.

Stefansen, K., Solstad, G. M., Strandbu, Å. & Hansen, M. L. (2019). Young athletes' perceptions of coach-athlete sexual relationships: Engaging with competing ethics. *Sociology of Sport Journal*, 36(4), 339-346. <https://doi.org/10.1123/ssj.2019-0007>

Om kjønn:

Thing, L. F. & Jensen, A. L. (2016). Sport, køn og krop: Køn som variabel, struktur eller gøren? I L. F. Thing & U. Wagner (Red.), *Grundbog i idrætssociologi* (s. 186-205).

Munksgaard Danmark.

Lesjø, J. H. (2008). *Idrettssosiologi: Sportens ekspansjon i det moderne samfunn*. Abstrakt.

* Side 137-157.)

2b) Kvifor er det viktig for Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) å ha ein vegleiar og ein strategi på dette området? Drøft utfordringar med å få involvert alle organisasjonsledda i norsk idrett i dette arbeidet.

Her er det viktig å ha med at NIF har ein idrettsmodell som seier «idrettsglede for alle». Seksuell trakassering må knytast an til denne grunnleggande verdien. Vidare ber oppgåva om å drøfta utfordringar med å involvera alle ledda – i ein veldig stor og mangslungen organisasjon, som impliserer både toppidrett (både olympiske og paralympiske utøvarar) og breddeidrett og barneidrett, med noko ulike kulturar seg i mellom. Vidare er organisasjonen sortert i mange ledd (som frå klubb via krets til særforbund). Svar på middels nivå skildrar organisasjonen gjerne i form av eit kart som viser alle ledda og nivå, og kompleksiteten i det. Svar på høgt nivå (B,A) får også med at sidan norsk idrett er organisert på basis av

frivillighet, vil både økonomiske trønge ressursar, og nettopp frivillighet og demokrati, kunne vera ei utfordring for ein sentralt bestemt strategi i NIF.

Sensurbeskrivelsene på bokmål

Gjennomgående for sensuren er at referanseteknikk og referanselister er i tråd med APA-stilen. Gjennom mange økter og tre arbeidskrav har studentene fått innføring og trening i nettopp referansedelen av akademisk gjerning. Grove feil, som å utelate referanser fra referanselista, trekker ned til lavt nivå (E). Se mer om karakterskalaen A til F i slutten av dette dokumentet.

Til oppgave 1.

Matti Goksøyr (2022, s. 65-67) og Sigmund Loland (2015, kap. 5) er relevant kjernelitteratur til oppgave 1. Et svar på høyt nivå (A,B) tar tak i skillet mellom idrett og sport – som for Centralforeningen var viktig grensemarkering mellom det sunne og nyttige i norsk tradisjon, og det usunne og fordummende og uskjønne i engelsk og utanlandsk konkurransesport. Turnforbundet kunne også kritisere konkurransesporten på mye de samme premissene, og fordi konkurransesport kunne utvikle seg til profesjonalisme og ensidighet. Nansen la til en dimensjon av friluftsliv som ikke turnerne var så opptatt av. Her spilte han på de strengene som samtida rundt 1900 var opptatt, ettersom byene voks. Det moderne arbeidslivet var ensidig, og livet i byen stresset nervene til folk, hette det. Idrett skulle bringe folk ut av det stressende bylivet, mente Nansen, og til naturen og til høgfjellet, der sunnere og friere tanker vokste lettere. Han kunne godta konkurranser til et visst punkt, fordi de styrket motet og viljen til menn (og delvis kvinner). Men sportskonkurranser kunne ikke bli et mål i seg selv. Polarekspedisjoner, derimot. Et svar på A-nivå får med at Nansen helst var tvetydig i synet på kappløp, og impliserer således flere kilder enn Goksøyr alene.

Høg måloppnåelse (A, B) er også avhengig av riktig kjeldebruk, og nokså nøyaktig referanseliste (APA-stil)

Svar på middels nivå (C,D) får bare delvis fram skillet mellom idrett og sport, og hva andre grupperinger innenfor idretten som var på lag med Nansen i skepsisen til konkurranse. Rekorder i og for seg er således ikke den viktigste kritikken i mottoet hans. Supplerende litteratur er brukt i mindre grad, og referansene ikke like nøyaktige.

Et svar på lavt nivå (E) slurver på alle disse nivåene, men tilfredsstillende likevel minimumskravene (og kandidaten viser både manglende vurderingsevne og selvstendighet).

Den samme sonderingen mellom høyt, middels og lavt nivå gjelder delen med 'etisk spenningsfelt' – som er hentet fra Loland (2015, s. 81). Selv om ikke han definerer begrepet, bør det komme fram hva studentene forstår med det, og med etikk, i svaret sitt. I alle fall på høyt nivå. Både forhold som peker på moralske kvaliteter ved konkurranseidrett (like muligheter, respekt, mestringsopplevelser, utvikling av dygder), og ankepunkt imot (ulikhet i systemstyre, juks, ensidighet, usunn idrett) må med. Eksemplene må finnes på begge sider, og de bør være relevante. Svar på høyt nivå poengterer at konkurranseidrett ikke er avgrenset til de voksne, eller til toppidrett. Om ikke studentene trekker inn mye annen litteratur her, bruker de, på høyt nivå, hele kapittel 5 om fair play hos Loland i drøftingen si.

Kjernelitteratur:

Goksøyr, M. (2022). *Historien om norsk idrett* (2. utg). Akilles

Loland. S. (2015). *Idrettsetikk*. Akilles.

Oppgave 2.

- a) Hva sier forskningen om seksuell trakassering i idretten? Legg vekt på relasjonen mellom utøver og trener.
- b) Hvorfor er det viktig for Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) å ha en veileder og strategi på dette området? Drøft utfordringer med å få involvert alle organisasjonsledd i norsk idrett i dette arbeidet.

Det er forventet at de kan definere seksuell trakassering – både slik det er definert i pensum og slik det er definert av NIF. De bør kunne skille mellom seksuell trakassering og seksuelle overgrep. De har hatt ei undervisningsøkt om temaet der det ble referert til andre lett tilgjengelige kilder som de også kan bruke. Rapporten «trygg på trening med redd barna» ble nevnt i undervisningsøkta. Svar på høyt nivå (A) viser til slik supplerende litteratur, og bruker den aktivt og selvstendig. En av artiklene på pensum (Stefansen mm) handler om kjærestereelasjoner/seksuelle relasjoner mellom utøvere og trenere. Den bør brukes når dette er tema. En god besvarelse (fra middels til høgt nivå, C-A) bør også kunne diskutere hvordan formuleringen «relasjonen mellom utøver og trener» kan tolkes. Det er jo også en relasjon

mellom trener og utøver når den ikke er en kjærestereelasjon/eller en seksuell relasjon. Og det kan helt klart forekomme seksuell trakassering i mange typer trener-utøver-relasjoner.

Det vil også trekke positivt om studentene trekker inn litteratur om kjønn i idretten. Selv om nyere forskning viser at også mange gutter er utsatt er dette en tematikk der kjønn er relevant – på flere måter.

b) Hvorfor er det viktig for Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) å ha en veileder og strategi på dette området? Drøft utfordringer med å få involvert alle organisasjonsledd i norsk idrett i dette arbeidet.

Her er det viktig å ha med at NIF har en idrettsmodell som sier «idrettsglede for alle». Seksuell trakassering må knyttes an til denne grunnleggende verdien. Videre ber oppgava om å drøfte utfordringer med å involvere alle leddene – i en veldig stor og mangslungen organisasjon, som impliserer både toppidrett (både olympiske og paralympiske utøvarar) og breddeidrett og barneidrett, med noe ulike kulturer seg i mellom. Vidare er organisasjonen sortert i mange ledd (som fra klubb via krets til særforbund). Svar på middels nivå skildrer organisasjonen gjerne i form av et kart som viser alle leddene og nivå, og kompleksiteten i det. Svar på høyt nivå (B,A) får også med at siden norsk idrett er organisert på basis av frivillighet, vil både økonomiske trange ressurser, og nettopp frivillighet og demokrati, kunne være en utfordring for en sentralt bestemt strategi i NIF.

Om symbola/karakterane A til F.

A er å forstå som «fremragende». Kandidaten/Svaret viser svært god vurderingsevne og stor grad av sjølvstendigheit.

B er å forstå som «meget god». Kandidaten/Svaret viser mykje god vurderingsevne og sjølvstendigheit.

C er å forstå som «god». Svaret er jevnt godt og tilfredstillande på dei fleste områda.

D er å forstå som «nokså god». Svaret er akseptabelt, men nokre vesentlege manglar.

E er å forstå som «tilstrekkelig». Svaret tilfredstiller miniumskrava.

F er «ikke bestått». Svaret tilfredstiller ikkje faglege minimumskrava, og viser manglande vurderingsevne og sjølvstendigheit.